



Møtebok
for
Næringsfondsstyret

Møtedato: 05.09.2019
Møtestad: Konferanserommet
Møtetid: 13:30 - 14:30

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle	Merknad
Tom Kristian Thorsen	SO	Utvalsleiar	
Kristin Nåmdal	SA	Medlem	
Ann-Jorunn Farestveit	SO	Medlem	
Kjetil Eikefet	SA	Medlem	

Forfall meldt frå medlem:	Parti	Rolle	Merknad
Linda Neset	SO	Medlem	Meldt forfall

Frammøtte varamedlemmer:	Parti	Rolle	Merknad
Håvard Engeseth	SO	Varamedlem	Vara for Linda Neset

Frå administrasjonen:	Funksjon:	Rolle	Merknad
Jo Bjarte Tømmerbakke	Rådmann	Møtesekretær	
Ove Sæbø	Assisterande rådmann	Administrasjon	

Sakliste

Saknr	Tittel
009/2019	Godkjenning av innkalling og sakliste
010/2019	Godkjenning av møteprotokoll
011/2019	Orienteringssaker
012/2019	Søknad om tilskot til bygging av ny driftsbygning for mjølkekyr

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Anneli Vatle Lilletvedt	FE-033	19/214

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
009/2019	Næringsfondsstyret	PS	05.09.2019

Godkjenning av innkalling og saksliste

Forslag til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent

Saksopplysningar:

Næringsfondsstyret - 009/2019

NF - behandling:

NF - vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Anneli Vatle Lilletvedt	FE-033	19/214

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
010/2019	Næringsfondsstyret	PS	05.09.2019

Godkjenning av møteprotokoll

Forslag til vedtak:

Møteprotokoll vert godkjend slik den ligg føre

Saksopplysningar:

Næringsfondsstyret - 010/2019

NF - behandling:

NF - vedtak:

Møteprotokoll vert godkjend slik den ligg føre

Vedlegg:

Protokoll - Næringsfondsstyret - 09.04.2019

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Anneli Vatle Lilletvedt	FE-033	19/214

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
011/2019	Næringsfondsstyret	PS	05.09.2019

Orienteringssaker

Forslag til vedtak:

Sakene vert tekne til orientering

Saksopplysningar:

Næringsfondsstyret - 011/2019

NF - behandling:

Ingen orienteringssaker

NF - vedtak:

Sakene vert tekne til orientering

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Laila Bjørge	Gbnr-78/2	15/159

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
012/2019	Næringsfondsstyret	PS	05.09.2019

Søknad om tilskot til bygging av ny driftsbygning for mjølkekyr

Forslag til vedtak:

Næringsfondstyret i Modalen løyver kr 2 430 900,- i tilskot til Frank Stian Steinsland til bygging av ny driftsbygning for mjølkekyr på GBNR 78/2 på Nedre Helland. Godkjent kostnad er 7,3 million. Tilskotet må nyttast i tråd med søknad m/vedlegg

Vilkår for utbetaling:

1. Tilskot vert utbetalt på grunnlag av medgåtte dokumenterte kostnader.
2. Før utbetaling skal mottakaren ha levert dokumentasjon eller rekneskap som er spesifisert i samsvar med kostnadsoverslaget. Dokumentasjon/rekneskapet skal vere attestert av rekneskapsfører.
3. Utbetaling må skje innan 1 år frå vedtaksdato. Dersom det vert trong for forlenging kan dette søkjast om innan utlaup av fristen.
4. Tilskot kan krevjast attendebetalt heilt eller delvis dersom bygg og inventar/ utstyr m. v. som er finansiert med støtte frå Næringsfondet, vert seld eller nytta til eit anna føremål enn føresett innan 5 år frå tilsegnsdato. Stønadsmottakar pliktar på førehand å gje melding til Styret for Næringsfondet om sal eller bruksendring i dette tidsrommet.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Frank Stian Steinsland med organisasjonsnummer 981524004 søkjer om tilskot frå næringsfondet til bygging av ny driftsbygning for mjølkekyr på garden sin GBNR 78/2 på Nedre Helland.

Vurdering

Det har vore ein lang og grundig planprosess med mellom anna rådgjevarar frå Tinesystemet som har sett på løysingar både i høve til økonomi og utforming av sjølve bygget. Søkjar har henta inspirasjon

frå byggeprosjekt rundt i Hordaland og meiner å ha funne ei god løysing.

Næringsfondet er eit verkemiddel for å fremja og styrka næringsaktivitet og sysselsettjning i kommunen. I strategisk næringsplan 2017-2021 er eit fokusområde at ein skal leggja til rette for næringar som byggjer på lokale naturressursar. Auka produksjon i landbruket er eit av fleire tiltak som er nemnd.

Kommunestyret vedtok i møte den 7.april.2011 nytt regelverk for landbruket i Modalen i ein 3 års periode. Denne har seinare vorte forlenga fram til 2021. I pkt. 3 i tilskotsreglar for landbruket i Modalen heiter det:

” Frå Næringsfondet i Modalen vert det ved nybygg innanfor etablert produksjon gjeve gjeve 33,3% tilskot. ” Kostnad for ny driftsbygning er kalkulert til 7,3 mill, og kommunen legg til grunn same kostnadsoverslaget som er godkjent av Innovasjon Norge. Det er ikkje søkt om lån. Tilskot utgjer då 33,3 % av 7,3 mill = kr 2 430 900.

I saksutgreiinga for 2011 er det peika på at det er viktig for Modalen og ha ei levande landbruk og leggja til rette for framtid drift. Mjølkeproduksjonen i Modalen er sårbar med berre 4 aktive storfebruk med mjølkeproduksjon. I 2034 må alle mjølkeprodusentar ha lausdrift, og pr. i dag er det berre eit bruk som oppfyller dette kravet. Det er vanskeleg å få så god lønnsemd i landbruket at ein kan gjennomføra større investeringar som t.d nybygg utan støtte frå styresmaktene.

Støtte til bygging av ny driftsbygning har positive verknader både for kommunen og bonden.

Frå eit samfunnsmessig ståstad er lokal matproduksjon, levande bygder, busetnad, kulturlandskap i drift, tradisjonar og miljøgoder til fellesskapet viktige verdiar som vert vidareført. Det er eit nasjonalt mål om å sikra matproduksjon både med tanke på beredskap og me har eit globalt ansvar for å bidra til verden si matforsyning .

Eit nytt bygg vil gje vesentleg betre dyrevelferd og arbeidsmiljø for bonden. Lokale ressursar som grovforareal og beite vil verta utnytta. Det vert lettare å få god lønnsemd i produksjonen ettersom tilskotet bidreg til lågare kapitalkostnader. Ei slik utbygging er viktig for å få bønder til å halda fram med drifta, og det kan vera lettare å få neste generasjon til å overta dersom driftsapparatet er moderne og tidsmessig.

Det som er utfordrande er at dette gjer eit stort innhogg i næringsfondet, og at det må husholderast med midlane. Rådmannen vil peika på at det ikkje har vore investert i nybygg i landbruket i Modalen på snart tre tiår. Det vart bygd ein driftsbygning på byrjinga av 90-talet og nokre få på 70 og 80 talet. Det har vore ombyggingar og mindre tilbygg, men når hoveddelen av driftsbygningane er meir enn 40-50 år er det trong for nybygg. Det er ein føresetnad for framtidig landbruksdrift i Modalen at bygningsmassen vert fornya.

Konklusjon

Rådmannen rår til at det vert løyvd kr 2 430 900S til bygging av ny drifstbygning på GBNR 78/2 på Nedre Helland fordi det vil støtta opp om måla som kommunen har om levande landbruk og tilrettelegging for framtidig drift. Løyvinga er i tråd med satsinga på landbruk slik det kjem til uttrykk i samfunnsdelen av kommuneplan, strategisk næringsplan og retningsliner for næringsfondet.

Næringsfondsstyret - 012/2019

NF - behandling:

Landbrukssjef Laila Bjørge og søkar Frank Stian Steinland orienterte om søknaden og svara på spørsmål.

Samrøystes vedteke

NF - vedtak:

Næringsfondstyret i Modalen løyver kr 2 430 900,- i tilskot til Frank Stian Steinsland til bygging av ny driftsbygning for mjølkekyr på GBNR 78/2 på Nedre Helland. Godkjent kostnad er 7,3 million. Tilskotet må nyttast i tråd med søknad m/vedlegg

Vilkår for utbetaling:

1. Tilskot vert utbetalt på grunnlag av medgåtte dokumenterte kostnader.
2. Før utbetaling skal mottakaren ha levert dokumentasjon eller rekneskap som er spesifisert i samsvar med kostnadsoverslaget. Dokumentasjon/rekneskapet skal vere attestert av rekneskapsfører.
3. Utbetaling må skje innan 1 år frå vedtaksdato. Dersom det vert trong for forlenging kan dette søkjast om innan utlauf av fristen.
4. Tilskot kan krevjast attendebetalt heilt eller delvis dersom bygg og inventar/ utstyr m. v. som er finansiert med støtte frå Næringsfondet, vert seld eller nytta til eit anna føremål enn føresett innan 5 år frå tilsegnsdato. Stønadsmottakar pliktar på førehand å gje melding til Styret for Næringsfondet om sal eller bruksendring i dette tidsrommet.

Vedlegg:

DB Mjølke

Kommentar

Tilbud landbrukshall og betong

Driftsplan

FK tilbud

FK Imek tilbud

Resultat og balanse

Søknad Frank Stian Steinsland